

Lovande opptakt til Ugt Blod

18.02.2009



Fellesøvingane har gått føre seg både i Uskedalen, som her på biletet, og i samfunnshuset i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Tysdag var det etter fellesøving foran storkonserten til skulekorpsa i Uskedalen og Rosendal med tubaisten Pål Magne Austnest og dei som var fluger på veggane i samfunnshuset i Rosendal seier det var ein svært lovande opptakt.

Mykje tyder på at sundagens konsert blir ein minst like stor suksess som konsertane med Frank Brodahl i fjor.



Er det nokon som behersker tuba her i landet så er det Pål Magne Austnes! (Foto: Thor Inge Døssland)

- Det var god stemning og dei 45 musikarane var i godlage og verka trygge. Og foreldra som var innom var så engasjerte at dei nesten dansa med, seier ein av hovedmennene bak denne storsatsinga, Thor Inge Døssland. Han lover ei stor oppleving og håpar på fullt hus.
- Dei som kjem vil få oppleva brassbandmusikk blanda med opprørsk jazz, improvisasjon, punk, funk, rap og hip-hop, opplyser Døssland.

Denne gongen er det seld billettar på førehand og salet har vore bra. Også korpsentusiaster frå nabokommunane, til dømes Stord, har vist interesse og det tyder leiinga slik at det er grobotn for liknande konsertopplegg også andre stader. Dette er andre gongen ein slik konsert vert gjennomført av skulekorps og Manger Musikklag har brukt musikken under Siddis Brass i 2007 og andre konsertar. Musikken er rytmisk og publikumsvannleg – med andre ord ei spesiell oppleving både for musikantane og dei som høyrer på.

Young Blood-numra, truleg sju i talet, kjem til å utgjera finalen i konserten og sette eit punktum som det verkeleg svingar av. Første del vil innehalda annan musikk.

Korpsa har vore i intenst arbeid med konserten sidan nyttår og Austnes sjølv har møtt under ei felles-samling saman med slagverkaren Stein Villanger. Fredag startar dei innspurten i øvingane på samfunnshuset i Rosendal. Korpsa sin faste dirigent Anders Christensen har også lagt ned eit stort arbeid, saman med lokale instruktørar.

Av Ola Matti Mathisen